

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 20.03.2019

Orienteringar:

KI 9:45-10:05: Prosjektet Universell Utforming i Vest 2015. Ved seniorrådgjevar Sigrid N. Bjercke, HFK.

KI. 10:15-11:25 Orientering om prosjektet Organisasjonskultur: Identitetsprosjektet/felles organisasjonskultur. Ved seniorrådgjevar Arild Sondre Sekse.

Inge Fiskvik (FFO) sette fram slikt forslag:

«Viser til sak behandla i møte i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne den 23.01.2019, sak PS 7/19. Samferdselsavdelinga orienterte, og fekk innspel til brev motteke frå Samferdselsdepartementet angåande søknad om midlar til utvida TT-ordning for personer med særskilte behov. Det viser seg at brevet var adressert til fylkeskommunar som i dag allereie inngår i ordninga, og at Hordaland fylkeskommune fekk brevet som ein orientering. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber samferdselsavdelinga i HFK om å sende eit nytt brev til Samferdselsdepartementet med ein likelydande søknadstekst når det ligg føre brev med mogelegheit for søknad frå fylkeskommunar, som i dag ikkje er med i ordninga.»

Røysting

Fiskvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.